

Tilstade: x

Medlemmar

Vara \*(for kommunale representantar)

x	Britt Rakvåg Roald, ROR , Ass.rådmann nye Molde kommune		Alf Reistad, ROR, Dagleg leiar
x	Geir Nielsen, Orkidè, Einingsleiar Helse- og familietenester Aure kommune		
	Rune Sjurgaard, SR, Rådmann Volda kommune	x	Jørgen Amdam, SR, ordførar Volda kommune
	Camilla Almås, SR; Verksemdsleiar for aktivisering og velferd nye Ålesund kommune	x	Lisbeth Løvoll, SR, ergoterapeut, leiar nye Ålesund kommune
x	Helge Ristesund, HMR spesialrådgivar		
x	Jorun Bøyum, HMR klinikkisjef KMR		
x	Lena Bjørge Waage, HMR samhandlingssjef		
x	Tore Jo Nilsen, HMN seniorrådgivar		
x	Inger Nossen Sandvik, brukarrepresentant		
	Hilde Marie Kleiven, brukarrepresentant		

Møtet vart gjennomført i Molde, møterom i Høvdingbygget HMR

**Agenda:**

- Velkomen og presentasjonsrunde
- Bakgrunn for utviklingsprosjektet
- Gjennomgang styresak
  - o Bakgrunn, formål
  - o Organisering
  - o Mandat
  - o Økonomi
  - o Tidslinje
  - o Forslag vedtak
- Møteplan
- Evt

### Oppsummering frå møtet:

Helge Ristesund ønska velkomen til møtet, det vart gjennomført ei presentasjonsrunde før han orienterte om bakgrunn for møtet og utviklingsprosjektet.

Ein gjekk så gjennom utkast styresak til styret i HMR 25.09.2019, med særleg fokus på mandat og organisering av arbeidet.

- Styringsgruppe
  - Ein tilrådde i møtet at Rune Sjurgaard går inn som leiar av styringsgruppa
  - Kommunale medlemmar bør også ha vara i tilfelle forfall
  - Tilrå at tillitsvalde frå HMR (1) og kommunane (1) inngår i styringsgruppa
- Prosjektgruppe med prosjektleiar
  - Ein støtta forslag om at Synnøve Opsahl Melseth inngår som prosjektleiar i 50% stilling (er pr i dag tilsett i HMR, fagavdelinga) for utviklingsprosjektet, med atterhald om forankring frå kommuner knytt til Orkidè.
  - Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa
  - Det blir etablert ei prosjektgruppe med brei fagleg kompetanse innan rehabiliteringsfeltet. Gruppa skal vere samansett med representantar frå kommunane i fylket og helseføretaket.
    - Seinare i prosjektet vil ein sette ned ei eiga arbeidsgruppe for å utgreie modellar for felles drift av Aure og Mork rehabiliteringssenter.
- Økonomi
  - Ein vil søke samhandlingsmidlar for å dekke lønnskostnadar/prosjektkostnadar
- Utkast mandat<sup>1</sup> (gjennomgang av framlagt mandat i styresak og justert i møtet)
  - Kartlegge det noverande samla døgntilbodet innan døgnbasert rehabilitering i fylket (inkludert private regionale tilbod).
  - Kartlegge og definere det samla behovet for døgnbaserte rehabiliteringstenester i Møre og Romsdal, inkludert betre avklaring av kva som er kommunal og kva som er spesialisert rehabilitering.
  - Avklare framtidig organisering og lokalisering av døgntilbod innan spesialisert rehabilitering som ikkje treng ligge i sjukehus (eksklusiv private tilbod).
  - Avklare behovet for interkommunalt samarbeid innan rehabiliteringsfeltet.
  - Vurdere ulike former for samarbeid som t.d. etablering av felles tverrfagleg vurderingsteam.
  - Tilrå framtidig felles driftsmodell (inkludert selskapsform, økonomi eigarforhold av eigedomar m.v.) for Aure og Mork rehabiliteringssenter der både helseføretaket og aktuelle kommunar deltek.

---

<sup>1</sup> Mandatet vart vidare justert i etterkant av møtet i styringsgruppa fram mot ferdigstilling styresak. Ferdig revidert mandat og styresak kan lesast på styreadministrasjonen sak 57/19. <https://ekstranett.helse-midt.no/1011/Sakslite%20og%20protokoll/Sak%2057-19%20-%20Etablering%20av%20samarbeidsprosjekt%20for%20utvikling%20av%20rehabiliteringsteneste%20i%20Møre%20og%20Romsdal.pdf>

## Styringsgruppemøte for utviklingsprosjektet rehabilitering i Møre og Romsdal

- Tidslinje
  - Dei overnemnde utgreiingane skal vere ferdige i god tid før sommaren 2020, slik at ny driftsform ved dei to rehabiliteringsinstitusjonane kan settast i verk frå 01.01.21. Detaljert tidslinje for prosjektet vert utarbeidd hausten 2019.
  
- Møteplan for styringsgruppa;
  - 2.oktober i Ålesund
  - 28.oktober i Molde
  - 28.november – skype
  - 18.desember – Molde